



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Steinar G. Sørli, 5557 2154

Vår dato
10.03.2014
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2014/3290
Dykkar referanse
«REF»

Likelydande brev er sendt til:
Kommunane i Hordaland

Utdeling av Kulturlandskapsprisen 2014 – tema Kystgarden.

Fylkesmannen Lars Sponheim delte ut Hordaland sin Kulturlandskapspris 2013 til Kvemmadokkje på Børsheim gard i Ulvik til gardbrukarane Toril og Johan Børsheim. Prisen var på kr 50 000,-. Det var 18. gong at prisen vart delt ut i Hordaland. Vedlagt følgjer presentasjon av Kvemmadokkje, sjå også deira presentasjonsvideo på Kvemmadokkje si YouTubekanal: <http://www.youtube.com/user/kvemmadokkje>

Kulturlandskapsgruppa i Hordaland ber om kandidatar til Kulturlandskapsprisen for 2014. Vinnaren av den regionale prisen vert sendt vidare til den nasjonale prisen som arrangerast i samarbeid mellom Norsk Kulturarv, Landbruks- og matdepartementet og Statens landbruksforvaltning.

Tema 2014:
Kystgarden.

Premiar:
Regional pris: Kr 50 000,-

Prisen vert delt ut av Fylkesordføraren i Hordaland.

Kriteria som vert lagt til grunn ved vurdering i tillegg til årets tema

Vi ønskjer at kandidaten skal kunne vere eit godt døme knytt til FN si satsing i 2014 på familielandbrukets. I tillegg vert desse kriteria lagt vekt på:

- Garden og bygningane bør være i aktiv bruk, helst i næringssamanhang.
- Landskapet må bære preg av å være eit berekraftig produksjonslandskap i aktivt drift.
- Prioritere bruk der drifta er viktig for samla inntekt.

Målsetting

Kulturlandskapsprisen skal vera ei påskjøning til dei som har gjort ein mangeårig innsats for å ta vare på jordbruksoppdraget sitt kulturlandskap eller verdiar som ligg i kulturlandskapet i Hordaland. Prisen skal delast ut kvart år.

Kven kan nominerast?

Prismottakar kan vere enkeltpersonar, organisasjonar, bygde og grendelag med fleire.

Jury

Juryen for prisen er Kulturlandskapsgruppa i Hordaland som er satt saman av representantar frå Fylkesmannen sine landbruks- og miljøvernavdelingar, Hordaland fylkeskommune ved Kulturavdelinga, Kommunane i Hordaland ved Fitjar kommune, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde og Småbrukarlag, Universitetet i Bergen og Norsk Landbruksrådgiving Hordaland.

Forslag til kandidatar

Kvar kommune vert invitert til å koordinere og koma med forslag v/faginstansar innan landbruk, miljø og kultur saman med dei lokale faglaga. Kvar kommune kan fremja eitt forslag eller fleire forslag til kandidatar.

Forslaget skal vera i form av skrifteleg omtale, og i tillegg foto eller annan dokumentasjon. Dersom det ikkje kjem inn kvalifiserte forslag kan KG sjølv foreslå ein prisvinnar.

Prisvinnaren

Det vert kåra ein prisvinnar kvart år. Prisvinnaren kan vera einskildpersonar, fleire gardsbruk eller grender.

Invitasjon og markering

Kåring vert gjort i innan utgangen av hausten 2014. Markeringa skal haldast lokalt hjå prisvinnaren. Det vert lagt opp til eit enkelt arrangement i samarbeid med vinnarkommunen.

Frist for innsending av forslag vert innan 6. mai 2014.

Vi ber også om at forslaga vert sendt elektronisk til fmhosgs@fylkesmannen

Med helsing

Åse Vaag e.f.
Ass. landbruksdirektør

Steinar G. Sørli
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.